

To tap for Rosendal

22.05.2012

Rosendal med uskedelingar på laga haar tapt kampane sine i helga. Damene tapte 4-0 for Bjarg og mennene 2-0 for Os 2. Men det vert trass alt rapportert om relativt jamne kampar.

Opningsomgangen mot Bjarg var relativt jamn og vertane leia berre 1-0 ved pause, men dei kom sterkare utover i kampen. I kveld har dei sjansen til å retta opp inntrykket.

Frå Uskedalen var Katrine Yri, Anita Simensen, Kari Bråtun, Gøril Samland Eik og Anette Sandnes på laget.

I herrekampen spela Tommy Røssland og Anders Bakke Berntsen frå Uskedalen. Rosendal tapte for eit betre lag men hadde sjansar i rikt monn slik at trnaren er fornøgd. Ein polsk spelar, Damien Laskowsky, hadde ein lovande debut på laget. I dag møter Rosendal Olsvik heime.